

Brukarretteiing til fråviksskjema – Del 1

Når du skal søka om fråvik skal standard søknadsskjema nyttast. Før du startar med å fylla ut skjemaet, må du gjera deg kjent med [fråviksprosessen i Statens vegvesen](#).

Søknadsskjemaet er delt i to delar, ein søknadsdel (del 1) og ein handsamingsdel (del 2). Som fråvikssøkar skal du fylla ut del 1 av skjemaet. Det er viktig at alle punkta i søknadsskjemaet vert fylte ut. Det skal berre vera eitt normalkrav på kvart søknadsskjema. Dersom det er nødvendig, kan utdjupande grunngjeving for fråviket gjevast i eit eige notat. Prosjekteigar skal seia seg samd i søknaden med å kryssa av i eiga rute. For søknader frå andre enn Statens vegvesen, er det leiaren for Statens vegvesen si vegavdeling i det aktuelle fylket som skal gjera dette.

For å kryssa av i avkryssingsboksane, dobbeltklikkar du på boksen. I vindaugget som kjem opp, klikkar du «aktivert» og trykkjer deretter «ok».

- **Region/Fylke:** Vel namnet på regionen (rullegardinmeny)
- **Fråvikssøkar:** Skriv inn namnet på den som søker om fråviket
- **Dato:** Dato for utfylling av søknaden
- **Arkivnr:** Skriv inn MIME-nummer på fråvikssaka
- **Prosjekt(namn):** Skriv inn namnet på prosjektet
- **Vegnr:** Skriv inn gjeldande vegnummer
- **Parsell:** Skriv inn namn på eventuell delstrekning
- **Brunnr:** Skriv inn brunnummer (Obs! gjeld berre bruer, ferjekai og andre berande konstruksjonar)
- **ÅDT (i dag):** Skriv inn trafikkmengd på strekninga i dag eller nærmaste kjente ÅDT-teljning med årstal
- **ÅDT (dim. år):** Skriv inn trafikkmengd (vald eller etter prognose) på strekninga 20 år etter opning (heimel i forskrift til veglova § 13)
- **Fartsgrense:** Skriv inn fartsgrensa på strekninga
- **Dim.klasse:** Skriv inn vald dimensjoneringsklasse
- **Teikn.nr:** Skriv inn nummer på teikningar som er aktuelle for fråvikshandteringa, og som er lagde ved søknaden. Dette kan vera oversiktsteikningar, planteikningar, detaljteikningar etc.
- **Plannivå:** Vel kva for ein planfase prosjektet er i (rullegardinmeny)
- **Handbok/dokument det vert søkt fråvik frå:**

Kryss av i lista for kva handbok kravet det vert søkt om fråvik frå, er omtala i: NB! Det er berre normalane (11 handbøker) og supplerande NA-rundskriv knytt til normalane som kjem inn under rutinane med søknad om fråvik
- **Type fråvik/element det vert søkt om fråvik frå (eit vegnormalkrav per fråviksskjema):**

Vel vald type fråvik/element det vert søkt om fråvik frå (rullegardinmeny)

 - **Krav:**

Skriv inn kva krav i den aktuelle normalen det vert søkt fråvik frå (oppgi kapittel)
 - **Forklaring, grunngjeving:**

Skriv kva ein har tenkt å gjera i staden for å planleggja/byggja etter normalen,

og gje ei kort grunngjeving for kvifor det vert søkt om fråvik (utdjupande grunngjeving kan gjevast i eit eige notat som skal leggjast ved søknaden)

– **Mynde til fråvik:** Set kryss i rett rute

- **Region: Bør**–krav på riksveg vert handsama og avgjort i regionen. Vegdirektoratet skal ha melding med høve til å gå mot dispensasjonen innan 3 veker.
- **Vegdir: Skal**–krav på riksveg vert avgjort i Vegdirektoratet etter først å ha vore handsama i regionen. Viss regionen seier nei til søknaden går han ikkje til Vegdirektoratet.
- **Fylkesk:** For fylkesveg skal fråvik frå normalane heimla i forskrift til § 13 i veglova vedtakast av fylkeskommunen, dersom ikkje noko anna er avtala.

For fråvik frå normalane heimla i skiltforskriftas § 35 (N300, N301, N302, N303), dessutan krav heimla i bruforskrifta (N400 og N401 i tillegg til krav som omhandlar bru i dei andre normalane) og fråvik frå normal som er heimla i tunnelsikkerheitsforskrifta, skal søknad om fråvik handsamast som fråvik på riksveg, slik at Vegdirektoratet fråviksmynde for alle **Skal**–krav uavhengig av kven som er vegeigar. **Bør**–krav til desse vert handsama av regionvegsjefen. Vegdirektoratet skal ha melding med høve til å gå mot dispensasjonen innan 3 veker.

- **Vedlegg som fylgjer saka:** Skriv kva vedlegg som fylgjer med søknaden (utgreiingar, teikningar, e-postar m.m.)
- **Konsekvensar av fråvik:**
 - **Konsekvensar for teknisk kvalitet:** Skriv kva konsekvensar eit fråvik får for teknisk kvalitet samanlikna med eit alternativ som er i samsvar med krava i normalen. Teknisk kvalitet verkar inn på kor lang levetid eit produkt har. Utforming, konstruksjonstype og materialar skal veljast slik at vegen er haldbar i mange år utan rehabilitering.
 - **Konsekvensar for tryggleik (for trafikantane):** Skriv kva konsekvensar eit fråvik får for tryggleiken for trafikantane samanlikna med eit alternativ som er i samsvar med krava i normalen. For fråvik frå normal som er heimla i tunnelsikkerheitsforskrifta skal gjennomførast ein risikoanalyse, der det vert teke omsyn til alle konstruksjonsfaktorar og trafikktilhøve som rører tryggleiken (særtrekket til særlege trafikken og type, tunnallengd og tunnelgeometri og prognosen for mengd tunge lastebilar per døgn.)
 - **Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS:** Skriv kva konsekvensar eit fråvik får for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS samanlikna med eit alternativ som er i samsvar med krava i normalen. Miljøkonsekvensar handlar ofte om landskapsinngrep, nærføring, nærmiljø, kulturminne, naturmangfald ol.
 - **Konsekvensar for estetikk:** Skriv kva konsekvensar eit fråvik får for den estetiske utforminga av anlegget samanlikna med eit alternativ som er i samsvar med krava i normalen
 - **Konsekvensar for økonomi:** Skriv kva konsekvensar eit fråvik får for økonomien samanlikna med eit alternativ som er i samsvar med krava i normalen. Det bør gå fram kva som vert kostnaden med eventuelle avbøtande

tiltak (ca. kronebeløp, prosentvis). Ein bør kvantifisere kva som kan sparast med løysinga det er søkt om, ev. med intervall.

- **Konsekvensar for drift og vedlikehald:** Skriv kva konsekvensar eit fråvik vil medføra for drifta og vedlikehaldet over tid med normal innsats.
- **Konsekvensar for framkomst (gjeld alle køyretøy- og trafikantgrupper):** Skriv kva konsekvensar eit fråvik får for framkomsten samanlikna med eit alternativ som er i samsvar med krava i normalen
- **Andre konsekvensar:** Får fråviket andre konsekvensar for tiltaket samanlikna med å oppfylle alle krava i normalane?
- **Forslag til avbøtande tiltak:**
Kva avbøtande tiltak er foreslegne for å kompensera for konsekvensane, og kvifor. Gjer greie for kva effekt søkaren meiner dei avbøtande tiltaka vil ha
- **Skal fyllast ut av prosjekteigar:**
 - **Prosjekteigar:** Skriv inn namnet på prosjekteigar
 - **Dato:** Dato for godkjend søknad
- **Prosjekteigar er samd i søknaden:** Set kryss i rubrikken

Ferdig utfylt søknadsskjema skal sendast til Statens vegvesen sitt postmottak i regionen som fordeler det til leiar og medlemmer av den regionale fråviksgruppa.

Del 2 skal fyllast ut av leiar eller andre i den regionale fråviksgruppa, og av Vegdirektoratet når det gjeld skal-krav.

Rev. 04.12.2017